

Til Lindås Kommune v/Byggesaksavdelinga

Først ei lita oppsummering av saka

Har no fått høyre at saka er avslutta og ferdig avgjort, vegen skal tilbakeførast eller søkast på nytt om som gangveg. Dette på grunn av at eg er blitt beskulda for å ikkje overhalda klagefristen etter at saka var oppe i Plan- og miljøutvalgmøte den 28.06.17. Kan ikkje seie meg einig i dette då eg personleg avbraut ferien og tok kontakt med dykk på kommunekontoret. Var inne på kommunen og snakka med Ingrid Bjørge Pedersen i byrjinga av Juli. Fekk då beskjed om at ho skulle kalle meg inn på eit møte der me skulle diskutere vidare angående saka, og finne ei løysing. Eg gjekk og venta og syntes at dette var ei god ordning. Eg trudde at det som var avtalt munnleg var like godt som noko skriftleg, dette syntes eg høyrdes greitt ut, på grunn av at det var midt i ferien for begge partar. Eg tenkte ikkje noko meir over saka, men innkalling til møte kom aldri. Høyrde ikkje noko meir før siste brevet kom i desember, der eg måtte søkje på ny eventuelt om gangveg. Syntes eg har blitt overkøyrd i denne saka, og det blir ikkje lagt ut meir pengar på søknadar og dispensasjonar på denne vegstubben.

Møtet som eg vona eg skulle bli kalt inn på, slik eg forstod det, kunne me blant anna ha diskutert Statens Vegvesen sitt grunnlag for avgjersla som dei tok. Den avgjersla inneheldt ein del feil og misvisningar i kart og tekst som ikkje er heilt korrekte. Difor føler eg at avgjersla er tatt på feil grunnlag. Vedlagt følgjer skriv frå Statens Vegvesen som fortel noko anna.


Forslag til korleis vegen kan tilbakeførast

Etter ein lang saksgang, der Lindås kommune no har kome fram til at vegen skal fjernast, ynskjer me å kome med forslag til korleis dette kan gjerast.

Håpet er at me slepp å kjøre vekk 250 tonn med stein da dette vil medføre store skader på Den Trondhjemske Postvegen. Då steinen blei køyrt ned, hadde det vært tørt vær i nesten tre veker. Er ikkje ofte det er så lange perioder med tørt vær og gode arbeidsforhald, og ikkje minst kostnaden med å køyre vekk slike massar.

Kjem no med eit forslag der me kjøper spesialjord til å dekke over vegen som er der i dag, så i frø, slik at vegen med tida fell tilbake til terrenget.

Kart over det som blir dekt med jord. (Dei kvite feltene er parkering som blei søkt om, men som ikkje er lagd).



Ynskjer å kunne vente til vinteren er over før tildekinga starter om denne løysinga blir godkjent, dette på grunn av tilstanden som Den Trondhjemske Postvegen har no på vinteren og med tele i jorda. Slik må det vel vere naturleg å tenkje, me kan ikkje få dette til når det er vinter. Vonar endå på noko positivt i frå Lindås Kommune.

Med vennleg helsing
Ingvar Fanebust